



Grano 2012 Foto: Ola Matti Mathisen

**Olaf Agnar Gausvik kom i det nostalgiske hjørne  
då han las om Grano på uskedalen.no her om  
dagen. Han har sendt oss dette:**

Der er berre eil  
Snakkar du med ein sambygding,  
det vere seg frå  
Fet eller Friheim,  
Musland eller Myklebust,  
Korsneset eller Kjærland,  
San'n eller Steinsletto,  
Leite eller Ljosnes,  
Halsane, Haugland,  
Heio eller Holmen,  
Kleivadalen eller Kvednavikjo,  
Dønhaug eller Døssland,  
Rindo eller Rød,  
Ospelunden eller Eik,  
Vodlen eller Vikjo  
Neset, Padlane , Myro,  
Fjellandsbø eller Skorpo,  
og ber han om å møta deg ved grano?  
Ja, då står han der i skuggen  
til avtala tid og helsar deg nøgd  
for her har både han og treet  
sine djupe røter i heimsleg jord.

Som god granne med gamleskulen,  
Helgheim, bautasteinen og kyrkja,  
har ho i generasjonar fylgt med på  
liv, leik og lagnad i bygda,  
vekslande mellom kvardagsslit  
og glade høgtidsstunder.

Alvorsamt vert det snakka om  
at ho tek til å dra på åra,  
og at ho skrantar noko,  
men ho bær alderen godt  
når ho står der staseleg  
flidd, fjelga og stelt,  
og ynskjer børsdalsnissen  
og bygdefolket velkomne  
til ljofest og adventshelg.

Så tradisjonen tru,  
samlast vi nok ved grano  
til neste år og.